



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6526 - 20/25584

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.05.2020

Oversending av søknad om dispensasjon frå LNF-føremål til uttale - gbnr 247/5 Dyrkolbotnen

Tiltak: Dispensasjon og tilbygg fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 247/5
Tiltakshavar: Vigdis Anne Dyrkolbotn
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen sin arealdel 2019-2031 (tidlegare Lindås kommune) for etablering av eit mindre tilbygg til fritidsbustad samt markterrasse i tilknytting til fritidsbustad. Tilbygget er opplyst å ha eit bruksareal på om lag 3 m² medan markterrassen er opplyst å ha eit bygd areal på om lag 21 m².

Tiltaket er nabovarsla, det ligg ikkje føre merknadar.

Eigedom gbnr. 247/5 har fleire heimelshavarar kommunen legg til grunn at tiltakshavar har naudsynt private rettar til å forestå tiltaket.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Vidare ligg eigedomen innanfor 100-metersbeltet langs Botnavatnet som er del av nedslagsfeltet til Romarheimselvi.

Planlagt tiltak krev at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og frå kommunedelplanen sin arealde (tidlegare Lindås kommune) § 2.6.1 byggeforbodet langs sjø og vassdrag på 100 meter innanfor nedslagsfelt Romarheimselvi.

Arealet ligg og innanfor kartlagt friluftsområde som er klassifisert som viktig.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet, i tillegg til omsøkt dispensasjon vil tiltak krevje dispensasjon frå kommunedelplanen § 2.6.1 byggeforbodet langs sjø og vassdrag. Dei to tilhøva har til dels samanfallande omsyn. Administrasjonen vel difor å sende søknaden på høyring samstundes som det vert sendt skriv til tiltakshavar der dei vert bedt om å supplere

saka med søknad om dispensasjon frå byggeforbodet langs vassdrag gjeve i kommuneplanen § 2.6.1.

VURDERING

Saka vert no sendt til regionale og lokale mynde for uttale. Vår handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon, byggjesøknad med vedlegg og nabovarsel - GBNR 247/5 Dyrkolbotn
Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett s.1
Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett s.2
Utsnitt av kart over Dyrkolbotnen
Utsnitt av kart over Strandaneset i Dyrkolbotnen
Tegning av tilbygg på baksida
Tegning av hytta
Søknad om dispensasjon i LNF område
Nabovarsel
Utskrift kommuneplan gbnr 247_5
Utskrift orthofoto gbnr 247_5

Kopi til:

Vigdis Anne Dyrkolbotn	Øreviksvegen 17	5455	HALSNØY KLOSTER
------------------------	-----------------	------	-----------------

Mottakarar:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN